

NORGES VASSDRAGS- OG
ENERGIDIREKTORAT (NVE) PERSONAL- OG
ORGANISASJONSSEKSJONEN
Postboks 5091 MAJORSTUA
0301 OSLO

Dykkar ref 201502307-5
Dykkar ref:
Vår ref: 2017/121912
Dato: 16.08.2017
Org.nr: 985399077

v/Konsesjonsavdelinga

Statens tilsyn for planter, fisk, dyr og næringsmidler



HØYRING AV SØKNAD OM KONSESJON FOR FORTSATT DRIFT AV SVELGEN I OG II KRAFTVERK I BREMANGER KOMMUNE

Viser til høringsbrevet: «Høring av søknad om fornyelse av reguleringskonsesjoner for Svelgen I og II kraftverk i Bremanger kommune, Sogn og Fjordane fylke», brev datert 06.06.17.

Mattilsynet har tilsynsmynde etter Forskrift om vannforsyning og drikkevann, FOR-2016-12-22 (drikkevannsforskriften), og kan uttale oss om drikkevassforsyning.

Mattilsynet, region Sør og Vest, avdeling Nordfjord vil kommentere følgende:

I søknad om fornya reguleringskonsesjon, kraftverka Svelgen I og II, avsnitt 7.8.1 står det: «Drikkevassforsyninga i Svelgen er også basert på uttak av vatn frå avløpet frå Svelgen II kraftverk.»

Tilsvarande står i vedlegg 8, avsnitt 10.1.2 om konsekvensar for miljø og samfunn: «Smelteverket har eit jamt uttak av kjølevatn på ca. 0,8 m³/s heile året frå ein pumpestasjon knytt til avløpet frå Svelgen II. Frå same pumpestasjonen tek Bremanger kommune ut vatn til drikkevassforsyning for innbyggjarane i Svelgen. Drikkevassuttaket er på 0,015 – 0,020 m³/s.»

Bremanger kommune har oppgitt til Mattilsynet at Svelgen vassverk har reservevasskjelde i Svelgsvatn, og dermed moglegheit å ta ut vatn frå Svelgen I, der vatnet kan bli pumpa frå omtalt pumpestasjon. Mattilsynet vil derfor gjere dykk merksam på at drikkevatt kan gjelde meir enn avløpsvatnet frå Svelgen II kraftverk.

Søknaden har ikkje omtalt så mange konsekvensar for drikkevassforsyninga, anna enn at kommunen må finne ny drikkevasskjelde som erstatning av uttaket av vatn frå avløpet på Svelgen II (vedlegg 8, avsnitt 10.2.2).

Vi vil generelt vise til drikkevannsforskriften. Det er mellom anna eit generelt krav om at det er forbudt å ureine drikkevatt (§ 4). Det er viktig å ta omsyn til dette for alle partar ved vidare drift av kraftverka.

Det er også viktig å ta omsyn til eventuelle endringar i råvasskvaliteten. Auke i fargetal eller humus kan til dømes endre tilhøva for det eksisterande vasshandsamingsanlegget ved Svelgen vassverk.

Mattilsynet, region Sør og Vest, avdeling Nordfjord har elles ikkje merknader til søknaden.

Med helsing

Are Natland Bøe
avdelingssjef

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og blir sendt utan signatur.
Dokument som må ha signatur blir i tillegg sendt i papirversjon.*